

Bergen 20.08.2021

NLA Høgskolen v. rektor

Kyrkjerådet
v. Jørund Østland Midttun

Ref. 20/04705-6 jm782

Svar til høyring om bruk av særskilte preiketekstar i gudstenesta

Vi viser til høyringsbrev datert 22.06.2021, med svarfrist 20.08, og takkar for høvet til å kommentera dette. NLA Høgskolen vil med glede og takksemd nemna at dette er første gong vi er på lista over utdanningsinstitusjonar som gjev praktisk-teologisk utdanning i eit fullt cand.theol.-studium, og følgeleg for første gong vi gjev eit høyringsvar etter denne ordninga.

Det er viktig at den teologiske kompetansen ved utdanningsinstitusjonane vert lytta til i ei sak som denne. Her kan det synast som at saka i realiteten er avgjord i og med Bispemøtets vedtak og Nemnd for Gudstenesteliv (NFG, Kyrkjerådets fagnemnd) si tilråding. Høyringsinstansane kunne gjerne vore involvert tidlegare i sakshandsamingsprosessen.

Høyringsnotatet gjev ei god oversikt over den historiske bakgrunnen for dei ordningar Den norske kyrkja har hatt med særskilte preiketekstar utanom evangelietekstane, og korleis dette både passar inn i og skil seg frå annan økumenisk praksis. Vi er samde i at dei tre tekstrekkeane vi no har, saman med forteljingstekstar og rettleiinga som opnar for å preike over andre tekstar enn evangelieteksten, gjev stort nok rom til å la heile fylden av bibeltekstar kome fram i gudstenesta, utan at ordninga med særskilte preiketekstar vert vidareført.

Men vi ser også at dette kan føre til vidt ulik praksis. I tråd med den ordninga som først opna for lesing – og seinare forkynning – over GT-tekstar, meiner vi det er viktig at poenget med dette kjem tilstrekkeleg klårt med i rettleiingsrubrikkar m.m., og at det på same måten er ønskjeleg at stoff frå NT utanom evangelia vert trekt inn i forkynninga frå preikestolen. Det er viktig for kyrkjelydane at stoff frå ulike delar av Skrifta vert lest, høyrd og utlagd i gudstenestene, slik at kyrkjelydane vert i stand til å lese heile Skrifta og tileigna seg den evangeliske budskapet om Kristus slik denne kjem til uttrykk også utanom evangelia.

Med helsing

Gunnar Innerdal
Avdelingsleiar Teologi, religion og filosofi

Sigbjørn Sødal
Rektor

